

Sommaravslutning på Austebygd

Torsdag 14.juni

kl. 18.00

inviterer me barnehageborna og elevane, og foreldre/føresette til felles avslutning av skule- og barnehageåret 17/18!

Slik veret ser ut no, kan me dessverre ikkje grilla i år!

Barnehageborn og elevar har først eit lite program.

Deretter blir det mat og sosialt samvær.

Og kanskje blir det litt andre aktivitetar også...?

Kvar familie tek med det dei vil ha av mat + brus/kaffi .

**Vel møtt til ein triveleg avslutningskveld -
og riktig god sommar til alle !**

Helsing

Alle i FAU og alle oss i Austebygd barnehage og Austebygd skule.

NB! FAU-representantane + vararepresentantane på skulen og i barnehagen har ansvar for det praktiske rundt arrangementet:

- Vurder om veret tilseier at ein skal vera ute eller inne
- Rigga til med bord og stolar
- Har hovudansvaret for at det vert rydda opp etter festen.

Kvar FAU-representant ringjer til sin vara – og avtalar kven av dei som skal møta ca. kl.17.00 for å gjera alt klart til avslutninga, og kven som tek opprydninga etterpå.

FAU oppfordrar også om at så mange som mulig vert med og ryddar og får alt på plass etter sommarfesten!

Tirsdag 19.juni kl. 19.00 skal 7.klassingane + føresette og tilsette på skulen ha avslutningsfest for avgangselevane våre.

Siste skuledag i 17/18 er torsdag 21.juni. Denne dagen sluttar elevane kl. 11.15, og skulebussen vert bestilt til dette klokkeslettet.

Siste skuledagen vert det tilbod om SFO frå kl. 11.15, etter vanleg torsdags-påmelding.

Også i år er barnehagen stengt i veke 29 og 30, og alle barnehageborna tek i tillegg ut 2 ferieveker i forkant/etterkant av desse 2 vekene (som påmeld).

Onsdag 15.august er første barnehagedag - og torsdag 16.august er første skuledag til hausten (18/19)